



PRESSEMELDING 7. APRIL 2015

## Feirar Vinjes fødselsdag med urpremiere

Laurdag 11. april viser regissør Anders T. Andersen eit første klipp frå filmen «Fuglane» i Vinje. Han fortel sjølv om arbeidet med filmen under feiringa av A.O. Vinjes fødselsdag på Vinjar i Vinje. Der er også Bjørn Bø og Astrid Versto med, og det blir idédugnad om Vinje-senteret. –Vi opnar dørene for at alle som vil, får seie sitt om kva Vinje-senteret bør bli og ikkje bli, seier direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum.

A.O. Vinje var fødd 6. april 1818. Det er tredje gongen Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum samarbeider om feiring av dagen.

### Kulturkveld på dagtid

Fødselsdagen blir feira med kulturkveld frå lunsj og utover. Pensjonert NRK-journalist Bjørn Bø kåserer med journalistiske historier, og tidlegare journalist Astrid Versto reflekterer over journalistikken frå sidelinja. Arrangementet blir avslutta med innslaget om filmen «Fuglane» etter romanen av Tarjei Vesaas, som etter planen får premiere før jul.

– Arrangementet er ei gåve til alle interesserte. Utøvarane kan gi viktig kunnskap til arbeidet med Vinje-senteret, og publikum får sjå kva Vinje-senteret kan gi regionen, seier kultursjef Signe Marie Kittelsaa i Vinje kommune.

### Ønskjer gode råd

Etter avtale med Vinje kommune er Nynorsk kultursentrum no i gang med å planleggje Vinje-senteret. Meininga er at det skal bli eit senter for dikting og journalistikk, plassert i gamle Vinje skule. – Det gjeld å lage eit senter og museum som skil seg ut frå alt anna i Noreg, med tydeleg profil og klare oppgåver. Her treng vi gode råd frå mange, seier Ottar Grepstad.

Seinare i år blir det arrangert liknande idédugnader fleire stader i landet. Planen frå Nynorsk kultursentrum skal vere klar ved årsskiftet.

Fredag 10. april møtest rådet i Nynorsk kultursentrum i Vinje. I rådet sit representantar for alle dei 24 stiftarane som står bak denne nasjonale kulturinstitusjonen.

### Meir informasjon

Kultursjef Signe Marie Kittelsaa, tlf. 958 97 895

Direktør Ottar Grepstad, tlf. 70 04 75 70 eller 906 16 727

Kommunikasjonsrådgivar Laila Walseth Lid, tlf. 958 70 569